

Kultur- og kyrkjedepartementet
Boks 8030 Dep
0030 OSLO

Vår referanse: 135-412 OG

Hovdebygda, 5. oktober 2009

HØYRINGSFRÅSEGN OM BOKAVTALEN

Nynorsk kultursentrum takkar for invitasjonen til å kommentere evalueringa av bokavtalen.

For å finne fram til moglege årsakssamanhengar mellom bokavtalen av 2005 og utviklinga i bokbransjen etterpå, har Telemarksforskning utført ein analyse av bokbransjen for eit noko vidare tidsrom. Det er eit nødvendig og godt grep, og rapporten inneheld både mykje viktig informasjon, interessante moment og til dels grundige analysar. Difor er det ille at rapporten sviktar nett når analysen skal ta tak i situasjonen for utgiving og sal av bøker på nynorsk.

Det er truleg symptomatisk at spørsmålet om nynorsk bokutgiving blir framstilt som eit spørsmål om breidda i norsk bokutgiving. At bøker på nynorsk aukar det språklege mangfaldet, er opplagt, men denne synsmåten blir likevel for enkel. Nynorsk skriftkultur må sjåast også som ei eiga offentlegheit, og då må også breidda og diversiteten innanfor denne skriftkulturen analyserast. Det er ikkje gjort. I staden nærmar omtalen av nynorsk litteratur seg det punktet der ”nynorsk” er eit synonym for ”smal” (s. 37).

Alt på s. 11 f. blir det slått fast at det å fremje sal av bøker på begge målformer var eitt av fire overordna føremål med den nye bokavtalen frå 2005. Likevel har Telemarksforskning lite å melde om dette emnet i kap. 5.4 der emnet er breidda i boktilbodet, og ikkje noko i kap. 6 om bokkjøp og boklesing, eller kap. 7 om skulebøker. Alt i kap. 3 om evalueringsstrategien blir det hevda at datagrunnlaget er ”svært begrenset” når ein skal ”trekke inn fordelinga mellom utgivelser på nynorsk og bokmål”. Kva Telemarksforskning har gjort for å få til eit godt nok datagrunnlag, står det derimot ingen ting om. Rapporten går litt inn på den rolla Samlaget har, men presisjonsnivået er lågt. Det er nok grunnlag for å hevde at utgivingsprogrammet frå Samlaget er blitt endå meir publikumsretta i seinare år, slik ein informant i rapporten seier (s. 105). Framleis er det slik at om lag 60 % av alle nynorskbøker kjem ut på andre forlag enn Samlaget, og difor blir det for snevert å rette merksemda berre mot eitt forlag. Det kjem også til uttrykk når rapporten med tilvising til ein tabell hevdar at det er ”en negativ trend i utviklingen i folk oppfatningar av nynorsk litteratur” (s. 113), diverre utan at det blir sagt noko meir om denne tendensen. Desse data er henta frå dei såkalla surveyundersøkingane som bokbransjen har halde seg med i lengre tid, men om desse heiter det seinare at dette er tal som ”gir generelt svak statistisk utsagnskraft og gir således lite grunnlag for klare konklusjoner” (s. 123).

Både i Den norske Bokdatabasen og i Norsk bokfortegnelse er alle bøker merkte med målform. Kvar for seg, og ikkje minst i kombinasjon, kunne dette på enkelt vis gitt mykje og verdfull informasjon. Eitt døme på kva ein då kan få fram av kunnskap, er å finne i årstale nr. 9 om tilstanden for nynorsk skriftkultur (vedlegg, s. 22–27, tabellar 3 og 4, figurar 2–5). Grunnlaget

er spesialkøyningar frå Nasjonalbiblioteket, utan kostnad for oppdragsgivaren. Dette materialet kunne lett spesifiserast vidare på forlagsnivå og dermed knytast meir direkte til spørsmåla som gjeld bokavtalen. I *Språkefakta 2010* publiserer vi meir originalmateriale frå Nasjonalbiblioteket. Dette indikerer at skeivfordelinga mellom bokutgiving på nynorsk og bokmål held fram, og at den er sterkare no enn for nokre tiår sidan. Rapporten gir eit ganske tydeleg bilete av at enkeltbokhandlane liknar meir og meir på kvarandre, sjølv om nokre bokhandelrepresentantar i rapporten får høve til å hevde at ”bokhandlane har vorte meir spanande” (s. 84). Er breidda i tilbodet av nynorskbøker frå forlaga uendra over tid, fører dette til at nynorskbøkene jamt over heller ikkje blir synlege nok same kvar publikum kjem inn i ein bokhandel.

Evalueringsrapporten viser at boksålet gjennom bokklubbane har vore fallande iallfall det siste tiåret. Likevel står bokklubbane i dag for om lag 20 % av salet, mot nettbokhandlane 10 % (s. 59 f.). Skilnadene mellom bokklubb og nettbokhandel er blitt små. Den viktigaste skilnaden er at bokklubbane framleis representerer eit redaksjonelt utval av bøker som er til sals. Om dette utvalet blir det lagt fram ein første dokumentasjon i *Språkefakta 2010* som syner at berre 4 % av hovudbøkene i den største bokklubben for samtidslitteratur er på nynorsk, rett nok med store skiftingar frå år til år. Når bokklubbane då misser marknadsmakt, kunne det tyde på at nynorskbøker fekk betre salsvilkår totalt sett ved at dei er meir tilgjengelege i bokhandlane enn i bokklubbane – viss dei er det. Ei slik vurdering må også ta omsyn til den definisjonsmakta bokklubbane har opparbeidd seg sidan 1970-åra, som har hatt store ringverknader, og som dei framleis utøver med stor profesjonalitet.

Telemarksforskning skriv innleiingsvis i kap. 6 at lesing er eit særst viktig litteraturpolitisk tema (s. 125). Det er vi samde i, og vi har nyleg drøfta nokre få av dei spørsmåla som her melder seg (jf. årstale nr. 9, s. 16 ff.). Rapporten samanfattar ein del bokundersøkingar, der tabell V2-19 på s. 254 gjeld bøker på nynorsk. Desse funna er svært knapt kommenterte. For å sjå kva det kan vere mogleg å lese ut av desse tala med andre statistiske lesemåtar, vil vi be om grunnlagsmateriale direkte frå Telemarksforskning.

Skulebøkene er ein viktig del av det norske boksystemet. Rapporten viser kva skuleboksålet har å seie for bokhandlane, og vi merkar oss at dette salet no blir meir og meir sentralisert til nokre få leverandørar. At det offentlege no kjøper inn alle læremiddel frå grunnskule til vidaregåande skule, endrar altså det norske boksystemet. Med atterhald om kva Utdanningsdirektoratet no har fått av rapportar frå skuleeigarane om læremiddelsalet i 2009, har vi inntrykk av at problemet med å skaffe læremiddel på begge målformer til same tid er i ferd med å bli løyst. Om dette også skjer til same pris, er derimot meir usikkert. Dette tek ikkje rapporten opp i det heile, men emnet bør granskast.

Bøker på nynorsk for allmenmarknaden blir selde over heile landet, og det kan godt hende at faren for usynleggjering av nynorske bøker er mindre i nettbokhandlane enn i vanlege bokhandlar. Rapporten gjer lite ut av drøftinga av vareprofilen til nettbokhandlane, og seier endå mindre om dei allmenne vilkåra for nynorskbøker i salsleddet. Derimot slår rapporten fast at ”skuleboksalg gjennom ordinære og enkeltstående bokhandlar i de fleste tilfelle vil bli utradert” (s. 167). Dette inneber at det litterære systemet i dei regionane der bokhandlane har mista skuleboksålet og ikkje maktar kompensere med sal av andre bøker, blir endra. Vi trur dette vil gjelde mange område der nynorsk i dag er mykje brukt, og dette emnet bør granskast meir.

Det alvorlege i dette er at rapporten på, den eine sida konstaterer at datagrunnlaget er svært avgrensa, og på den andre sida likevel trekkjer eintydige konklusjonar: ”Me har alt i alt ikkje informasjon som tilseier at situasjonen for litteratur på nynorsk skulle vera endra på nokon viktig måte som resultat av Bokavtalen” (s. 106). Få avsnitt seinare ser ein ”ingen tydelige tegn til utvikling i det informasjonsmaterialet vi har hatt. Vi har således ingen grunn til å tro at Bokavtalen har hatt noe å si for nynorsk litteratur”. Slike utsegner gjer det nødvendig å minne om at Telemarksforskning altså heller ikkje har informasjon som tilseier at situasjonen *ikkje* er endra. I tråd med normene for vitenskapleg vurdering der kunnskap manglar, burde difor denne konklusjonen vore heilt open.

Vi merkar oss at spørsmålet om nynorsk bokutgiving i det heile ikkje er nemnt i det oppsummerande kap. 9. Nynorsk kultursentrum kan ikkje sjå at Kultur- og kyrkjedepartementet har fått nokon tilfredsstillande analyse eller godt nok grunnlag for å konkludere med noko som helst. Det er ikkje rimeleg å vente at éin evalueringsrapport kan svare på alle spørsmål og behov for dei ulike høyringsinstansane og partane i saka. Ovanfor har vi framheva at ein viktig del av norsk skriftkultur er så knapt drøfta at det ikkje gir grunnlag for å meine verken det eine eller det andre. Norsk litteraturpolitikk må som all annan politikk byggje på kunnskap. For utviklinga i nynorsk bokutgiving tilfører denne rapporten ingen ny kunnskap, og svært lite av den kunnskapen som trengst for å gjere nødvendige endringar.

Difor konkluderer vi slik: *KKD bør utføre eit eige, avgrensa evalueringsprosjekt om vilkåra for nynorsk bokutgiving.*

Med venleg helsing

Nynorsk kultursentrum

Ottar Grepstad (s)
direktør

Direkte innval: 70 04 75 75